



Vest-Telemarkrådet

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Til: Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark
Dato: Tysdag 16. november 2021 kl. 13.00 – 15.00
Stad: Håndverkersalen, Oslo Håndverk & Industriforening,
Rosenkrantz`gate 7

Kviteseid, 9. november 2021

Velkomen til rådsmøte og møte med telemarksbenken i Oslo

Det er bestilt overnatting for alle på Bondeheimen 16. - 17. november 2021. Rådsmøtet finn stad rett ved sidan av hotellet, i Håndverkersalen i 2. etasje i lokalet til Oslo Håndverk & Industriforening.

Rådsmøte tysdag 16. november 2021

Kl. 12.45 Servering av lunsj i møterom
Kl. 13.00-15.00 Rådsmøte
Kl. 16.00-18.00: Møte med benken på Stortinget
Kl. 19.00: Middag på Prima Fila

Vi ynskjer velkomen til møte i Vest-Telemarkrådet!

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

Jarand Felland, regionordfører
Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar

SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 16. november 2021 kl. 13.00

- Sak 49/2021 Referatsaker**
1) Referat førre møte
- Sak 50/2021 Orientering**
Erik Lillebråten, direktør i Norsk kulturarv, møter i rådet for å orientere om arbeidet som blir gjort i Norsk Kulturarv og om det som skjer innan kulturvernet.
- Sak 51/2021 Framlegg til budsjett 2022 for Vest-Telemarkrådet**
- Sak 52/2021 Framlegg til Arbeidsprogram 2022 - 2023**
- Sak 53/2021 Fylkesvegstrategi og nytt handlingsprogram**
- Sak 54/2021 Framlegg til møtekalender 2022**
- Sak 55/2021 Framlegg til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 7. desember 2021**
- Sak 56/2021 Val av representant i VRU-Agder**
- Sak 57/2021 Møte med telemarksbenken**
- Sak 58/2021 Eventuelt**

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 19.oktober 2021 kl. 09.00 –14.45 på Sølvgården i Rysstad

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog
Varaordfører Seljord Sondre Aasan
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter
Rådmann i Seljord Rikke Raknes
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen
Rådmann i Tokke Finn Arne Askje deltok i sak 42/2021
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal
Rådgjevar/fylkeskommunal representant i Vestfold og Telemark fylkeskommune Tom Omnes Lia deltok på Teams kl. 12.45-14.45
Direktør for samfunnsutvikling, internasjonalsisering og klima i Vestfold og Telemark fylkeskommune Øistein Brinck, deltok på Teams i sak 43/2021
Nav-leiar i Vest-Telemark Gerd Kari Skaalen deltok i sak 44/2021

Forfall:

Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide - her møtte varaordfører Sondre Aasan
Rådmann i Kviteseid Øystein Tveit

Sak 41/2021 Referatsaker

1) Referat førre møte

Vedtak: Referatsaker vart tatt til vitande

Sak 42/2021 Fellesmøte med Setesdal interkommunalt politisk råd

Fellessmøte mellom Setesdal IPR og Vest-Telemarkrådet, der kraft/konsesjonskraft og arealforvaltning var hovudtema.

Sak 43/2021 Orientering

Øistein Brinck, direktør for samfunnsutvikling, internasjonalsisering og klima i Vestfold og Telemark fylkeskommune, deltok på Teams for å orientere om etablering av fylkessenter i Seljord.

- Oppfølging av vedtak i fylkestinget.
- Det blir lagt fram ei sak om innhald i fylkessenteret i Seljord, i fylkestinget i desember 2021
- Skal vurdere erfaringar frå Seljord før ein evtnt. planlegg fleire fylkessenter
- Lokalisering: Nybygget på Seljord VGS
- Brei prosess
- Personal: Ikkje endringsoppseiingar, om mogleg stadleg leiing, stillingsvurdering, dialog med HR, tillitsvalde.
- Per no: regionalteam på 12 årsverk (samferdsel, samferdselsutvikling, kultur, næring), i tillegg leiing, oppvekst, stab/støtte.
- VTFK i dialog med regjeringa om lokalisering av statlege arbeidsplassar i slike sentra.
- Mål om utlysing av leiarstilling før jul. Stillingsvurdering frå november 2021, bygging i løpet av 2022.

Tilbakemelding frå fylkeskommunen på innspel som kom opp i møtet om at eksisterande vegmiljø ikkje må bli svekka var følgjande: «Det er viktig å unngå kannibalisme. Prinsippet er at dette skal vere

nye stillingar eller frå Skien og Tønsberg. VTFK har fått meir vegansvar og oppgåver = nye stillingar.»

Vedtak: Orienteringa vart tatt til vitande

Sak 44/2021 Finansiering og oppgåver for Nav Vest-Telemark

Jarand Felland la fram saka.

Sverre Sæter:

- Har drøfta saka med ordføraren
- Ynskjer færrest mogleg variablar utover folketal. Fastleddet bør ikkje vere for dominerande.
- Sosialhjelp vil svinge mykje og er uforutsigbar.
- Ynskjer 35-65 modell som tilrådd av rådmannsutvalet

Jon Rikard Kleven:

- Vinje vil ha berre fastledd + innbyggjartal jf. vedtak i formannskapet
- Bør velje 50-50 modell
- Bør ha få variablar for å lage enkel modell

Erik Skjervagen:

- Burde premiere kommunar som gjer det bra.
- Stor fastdel er lite rimeleg for små kommunar
- Ynskjer modell 35-35-30

Jarand Felland:

- Tokke er ganske fleksibel med omsyn til dei ulike variantane som er foreslått.

Bjørn Nordskog

- Kviteseid er ganske fleksibel med omsyn til dei ulike variantane som er foreslått.

Sondre Aasan

- Seljord er ganske fleksibel med omsyn til dei ulike variantane som er foreslått.

Jan Myrekrok:

- Det er store skilnader bak tala på sosialhjelp når det gjeld talet på brukarar og tidsbruk. Bør heller sjå på talet på saker enn total økonomisk utbetaling.

Gerd Kari Skaalen:

- Talet på sosialhjelp i Vest-Telemark er totalt 184 frå nyttår til no.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet tilrår Fyresdal, Nissedal, Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje kommunar til å vedta finansieringsmodell basert på ei slik fordeling:*

40/40/20

40 % fastdel per kommune, 40 % variabel del etter innbyggjartal og 20% blir utrekna knytt til talet på sosialtenestesaker frå kvar kommune. Treårig

gjennomsnitt. Startar med 2020 for å unngå skilnader i praktisering av kva som er ei sak før samanslåinga.

Felles gjeldsrådgjevar i 60% stilling blir overført frå Seljord kommune til Nav Vest-Telemark ved Tokke kommune. Finansiering av felles gjeldsrådgjevar fylgjer same modell som avgjort ovanfor.

Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje er ansvarleg for å skrive felles sak med revidert samarbeidsavtale basert på vedtaka i denne rådssaka til kommunestyra.

Saka skal handsamast i dei seks kommunestyra i løpet av 2021 og ny finansieringsordning med verknad frå 2022.

Sak 45/2021 **Høyringsuttale til Vestfold og Telemark fylkeskommune sin strategi for reiseliv og opplevelser 2022-2030**

Regionrådsleiar la fram saka.

Jon Rikard Kleven uttalte at det er tiltaksdelen som blir spennande; Visit Telemark vil ha ei viktig rolle og Notodden flyplass vil vera avgjerande for å auke eksportandelen.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek uttale til regional strategi for reiseliv og opplevelser 2022-2030 slik den ligg føre.*

Sak 46/2021 **Høyringsuttale til Vestfold og Telemark fylkeskommune sin strategi for forskning, innovasjon og næring**

Utviklingsleiar la fram saka.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek uttale til regional strategi for forskning, innovasjon og næring slik den ligg føre.*

Sak 47/2021 **Møte med telemarksbenken 16. november 2021 i Oslo**

Jarand Felland la fram saka og framlegg til program.

Innspel i møtet:

- Ynskjer konkrete saker, det er for seint å påverke statsbudsjettet då
- Fylkesveggar, etterslep
- Air/Unge utføre, inkludering. Nasjonalt kompetansesenter.
- Forventningar til politisektoren/beredskap
- Barnevernsreformen / ressurskrevjande brukarar
- Vilårsrevisjon
- Slik kan regjeringa oppfylle regjeringsplattforma i Vest-Telemark

Frist for innspel til tema og då særskilt knytt til regjeringsplattforma: **29. oktober 2021**

Vedtak: **Opplegg for møte med telemarksbenken:**
1) Presentasjonsrunde

- 2) **Tilbakemelding frå benken vedkomande kraft/konsesjonskraft**
- 3) **Presentasjon av den enkelte kommunes utfordringar/moglegheiter**
- 4) **Slik kan regjeringa oppfylle regjeringsplattforma i Vest-Telemark**

Sak 48/2021 Eventuelt

Ingenting kom opp under eventuelt

Sak 51/2021 Framlegg til budsjett 2022 for Vest-Telemarkrådet

I tråd med etablerte økonomirutinar blir sak med framlegg til budsjett for komande år no lagt fram for Vest-Telemarkrådet, for endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 7. desember 2021.

Budsjettoppsett er endra slik at det blir presentert i same format som rekneskapen. Revisor har bedt om at budsjettet i sin heilskap kjem i tal slik som det ligg i vedlegg 1.

Inntekter

Driftsbudsjettet har ei delt finansiering mellom kommunane i Vest-Telemark og Telemark Utviklingsfond (TUF), der kvar part finansierer 50%.

Driftsbudsjettet aukast i tråd med TUF sine justeringar, som igjen regulerast etter konsumprisindeksen. Prisjusteringa er utrekna ut i frå konsumprisindeksen i perioden september 2020 - september 2021 som er på 4,1%. TUF sitt bidrag for 2022 blir med dette kr. 2.483.092.

Kommunane sine bidrag er:

Kommune	Fast fordeling	%-andel	Andel for 2022
Fyresdal	206 924	109 622	316 546
Nissedal	206 924	127 654	334 578
Kviteseid	206 924	216 922	423 847
Seljord	206 924	258 879	465 803
Tokke	206 924	193 177	400 101
Vinje	206 924	335 292	542 217
Vest- Telemark	1 241 546	1 241 546	2 483 092

Totalt er budsjettet til Vest-Telemarkrådet for 2022:

Inntekter	Kroner
TUF	2 483 092
Kommunane	2 483 092
Mva komp	750 000
Deltakaravg Vest-Telemarkkonferansen	80 000
Renter	80 000
Bruk av fond	3 585 000
Innovasjon Norge	950 000
Totalt	10 411 184

Som tidlegare varsla i Vest-Telemarkrådet er det ikkje lenger sett av eit fast beløp frå Statsforvaltaren til prosjektskjønnsmidlar. Vest-Telemarkrådet må søke prosjektskjønnsmidlar på lik linje som resten av fylket. Sjølv om ein vil søke skjønnsmidlar til eit fellesprosjekt innan tenesteutvikling, så er det ikkje lagt inn eit beløp i budsjettet for dette.

1100 Administrasjon

Her ligg lønskostnader og driftsutgifter til regionrådsleiar og utviklingsleiar, samt utgifter til drift av Vest-Telemarkrådet. Det totale driftsbudsjettet er på kr 4.226.000 med finansiering i frå kommunane og TUF.

1101 Koordinator for digitalisering og velferdsteknologi

Prosjekta 1126 Velferdsteknologi og 1130 Digitalisering vert erstatta med eit nytt ansvar 1101 som er oppretta for drift av den nye stillinga som koordinator for digitalisering og velferdsteknologi.

I driftsutgifter er det lagt inn kr 400.000 til utstyr/prioriterte digitaliseringstiltak som er vedteke finansiert av skjønnsmidlar og fondsmidlar, men som enno ikkje har blitt gjennomført og derfor ført på disposisjonsfond. Her kan t.d. nemnast innføring av Digihelse.

Inndekning for ansvar 1101 er frå disposisjonsfond kr 1 mill. og kr 450.000 frå driftsmidlar (kommunar og TUF).

1112 Start Opp (Etablerarkontoret)

Avtala med Telemark Næringshage om drift av etablerarkontoret går inn i sitt andre år i 2022. Inngått avtale er for tre år, med opsjon 1+1 år, med ei årleg ramme på kr. 300'.

1128 Fellestiltak næring

Det er budsjettert med kr 300.000 til møteverksemd og samhandlingstiltak initiert av næringskollegiet. Samanlikna med tidlegare år, er beløpet redusert med kr. 200.000 då ein del faste utgifter som t.d. lisensar til Simple View (webløysing for marknadsføring av reiselivsprodukt) og Tilskuddsportalen, og drift av nettsida Kva skjer i Vest-Telemark, er overført til ansvar 1100 Administrasjon.

1136 Felles klimaplan for Vest-Telemark

I felles politisk sak til kommunane vil det bli foreslått at Vest-Telemarkrådet er sekretariat for høyringsprosessen og ansvarleg for innarbeiding av innspel i samråd med kommunane og Vest-Telemarkrådet. I høyringsprosessen kan det bli ein del møteverksemd og innspela må innarbeidast i høyringsutkastet.

1137 Småbrukprosjekt

Det er budsjettert med kr 200 000 til vidare drift av småbruksprosjektet. Dette dekker midlar til marknadsføring og møteverksemd, i tillegg til informasjonstiltak for å få fram suksesshistorier med folk som har overteke eigedom.

Det er foreslått å nytte kr 100.000 av disposisjonsfondet og kr 100.000 frå driftsmidlar.

1138 Aktivitetstilbod velferdsteknologi

Ved utgangen av 2021, vil ein ha nytta omlag halvparten av det statlege tilskotet på kr 1.600.000 til videokommunikasjon til ikkje-digitale brukarar. Prosjektet blir planlagt vidareført i 2022. Det vert tatt atterhald om endring i prosjektet.

1139 Merket for berekraftig reisemål

Vest-Telemarkrådet vedtok i rådsmøtet av 31. august å sette av inntil kr 730.000 til merkeordninga i budsjettet for 2022 under føresetnad av medfinansiering frå Innovasjon Norge og politiske vedtak i alle Vest-Telemarkkommunane om deltaking i reiselivsprosessen Merket for berekraftig reisemål. Inndekning vert frå disposisjonsfondet.

1140 Felles reiselivsstrategi

Vest-Telemarkrådet vedtok i rådsmøtet av 31. august å sette av inntil kr 955.000 til reisemålsutvikling/felles reiselivsstrategi for Vest-Telemark i budsjettet for 2022 under føresetnad av medfinansiering frå Innovasjon Norge og politiske vedtak i alle Vest-Telemarkkommunane om deltaking i reisemålsutviklingsprosessen. Inndekning vert frå disposisjonsfondet.

Oversyn over fond

Fond	Budsjett 2022
Fellesfondet	3 250 000
Tiltak IKT-strategi Vest Telemark	238 745
ByR i Vest Telemark	289 815
Endringsprosessar og interkommunalt samarbeid	87 227
Rådmennenes disposisjon	92 488
Velferdsteknologi	800 000
Disposisjonsfond	7 972 038

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til budsjett 2022

Vedlegg 1: Framlegg til budsjett 2022

Konto	Konto(T)	Budsjett	Opp. Budsjett	Just. Budsjett	Budsjett
		2020	2021	2021	2022
1100	ADMINISTRASJON VTR				
1010	Fast løn	1,550,000.00	1,550,000.00	1,550,000.00	1,600,000.00
1050	Anna løn og trekkpl. ytingar	40,000.00	40,000.00	40,000.00	40,000.00
1080	Styrehonorar	50,000.00	50,000.00	50,000.00	50,000.00
1090	Premie til KLP	200,000.00	200,000.00	200,000.00	300,000.00
1099	Arbeidsgjevaravgift	200,000.00	200,000.00	200,000.00	200,000.00
1100	Kontormatriell	25,000.00	25,000.00	25,000.00	26,000.00
1115	Matvarer	200,000.00	200,000.00	140,000.00	200,000.00
1120	Anna forbruksmateriell	100,000.00	100,000.00	0.00	50,000.00
1130	Frankering og gebyr	10,000.00	10,000.00	10,000.00	3,000.00
1131	Telefon	0.00	0.00	0.00	15,000.00
1140	Annonser, gåver og info.	50,000.00	50,000.00	50,000.00	60,000.00
1150	Kursutgifter	60,000.00	60,000.00	60,000.00	60,000.00
1160	Reise og diettgodtgjersle	120,000.00	100,000.00	100,000.00	100,000.00
1165	Andre oppgåvepl. godtgj.	10,000.00	10,000.00	10,000.00	10,000.00
1170	Transport	10,000.00	10,000.00	10,000.00	10,000.00
1185	Forsikringar	8,000.00	8,000.00	8,000.00	12,000.00
1190	Husleige	140,000.00	140,000.00	140,000.00	140,000.00
1195	Avgifter og gebyr mm	100,000.00	100,000.00	100,000.00	100,000.00
1196	Andre avg. og lisenser	0.00	0.00	0.00	100,000.00
1200	Kontorutstyr	50,000.00	50,000.00	50,000.00	50,000.00
1270	Konsulenttenester	389,000.00	300,000.00	200,000.00	300,000.00
1370	Driftsavtaler med private	0.00	0.00	0.00	50,000.00
1429	Mva-kompensasjon	600,000.00	950,000.00	750,000.00	750,000.00
1540	Avsetjing til disp.fond	0.00	0.00	320,000.00	0.00
	Driftsutgifter	3,912,000.00	4,153,000.00	4,013,000.00	4,226,000.00
1700	Ref frå staten	-1,710,000.00	-1,100,000.00	-1,100,000.00	0.00
1710	Ref. sjukeløn	0.00	0.00	0.00	0.00
1729	Kompensert mva-drift	-600,000.00	-950,000.00	-750,000.00	-750,000.00
1730	Ref. frå fylket	-2,346,000.00	-2,383,500.00	-2,383,500.00	-2,483,000.00
1750	Ref. frå kommunar	-2,346,000.00	-2,383,500.00	-2,383,500.00	-2,483,000.00
1900	Renteinntekter	-90,000.00	-80,000.00	-80,000.00	-80,000.00
	Inntekter	-7,092,000.00	-6,897,000.00	-6,697,000.00	-5,796,000.00

Konto	Konto(T)	Budsjett	Opp. Budsjett	Just. Budsjett	Budsjett
		2020	2021	2021	2022
1101	DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI				
1010	Fast løn				680,000.00
1090	Premie til KLP				95,000.00
1092	Kollektiv ulykke/gruppel.				0.00
1099	Arbeidsgjevaravgift				82,000.00
1100	Kontormatriell				
1115	Matvarer				30,000.00
1120	Anna forbruksmateriell				5,000.00
1130	Frankering og gebyr				
1131	Telefon				5,000.00
1140	Annonser, gaver og info.				3,000.00
1150	Kursutgifter				20,000.00
1160	Reise og diettgodtgjersle				40,000.00
1190	Husleige				80,000.00
1200	Kontorutstyr				400,000.00
1370	Driftsavtaler med private				10,000.00
	Andre driftsutgifter				1,450,000.00
1950	Bruk av bundne fond				-1,000,000.00
	Inntekter				-1,000,000.00

1108	VT-KONFERANSEN OG YRKESMASSA PÅ DALEN				
1120	Anna forbruksmateriell	120,000.00	200,000.00	10,000.00	250,000.00
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	
1370	Driftsavtaler med private	0.00	0.00	0.00	
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
1430	Overf. til fylkeskommunen	50,000.00	50,000.00	0.00	
	Driftsutgifter	170,000.00	250,000.00	10,000.00	250,000.00
1629	Billettinntekter	0.00	-80,000.00	0.00	-80,000.00
	Inntekter	0.00	-80,000.00	0.00	-80,000.00

1111	TIL RÅDMENNENS DISPOSISJON				
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	30,000.00
1140	Annonser, gaver og info.	0.00	0.00	0.00	15,000.00
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	15,000.00
1270	Konsulenttenester	0.00	100,000.00	100,000.00	40,000.00
	Driftsutgifter	0.00	100,000.00	100,000.00	100,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
	Inntekter	0.00	0.00	0.00	0.00

Konto	Konto(T)	Budsjett	Opp. Budsjett	Just. Budsjett	Budsjett
		2020	2021	2021	2022
1112	ETABLERARKONTORET I TELEMARK				
1370	Driftsavtaler med private	500,000.00	550,000.00	550,000.00	300,000.00
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	500,000.00	550,000.00	550,000.00	300,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	0.00
1730	Ref. frå fylket	0.00	-250,000.00	-250,000.00	0.00
	Inntekter	0.00	-250,000.00	-250,000.00	0.00

1113	BYGNINGSVERNSATSING				
1270	Konsulenttenester	0.00	250,000.00	250,000.00	
	Driftsutgifter	0.00	250,000.00	250,000.00	0.00

1126	VELFERDSTEKNOLOGI				
1010	Fast løn	660,000.00	660,000.00	660,000.00	
1090	Premie til KLP	92,000.00	92,000.00	92,000.00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	80,000.00	80,000.00	80,000.00	
1115	Matvarer	40,000.00	40,000.00	40,000.00	
1131	Telefon	13,000.00	13,000.00	13,000.00	
1150	Kursutgifter	25,000.00	25,000.00	25,000.00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	40,000.00	40,000.00	40,000.00	
1190	Husleige	50,000.00	50,000.00	50,000.00	
1200	Kontorutstyr	0.00	1,300,000.00	1,300,000.00	
	Driftsutgifter	1,000,000.00	2,300,000.00	2,300,000.00	0.00
1950	Bruk av bundne driftsfond	-400,000.00	-1,800,000.00	-1,800,000.00	
	Inntekter	-400,000.00	-1,800,000.00	-1,800,000.00	0.00

1128	FELLESTILTAK I NÆRINGSKOLLEGIET				
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	50,000.00
1140	Annonser, gåver og info.	0.00	0.00	0.00	60,000.00
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	20,000.00
1170	Transport	0.00	0.00	0.00	10,000.00
1196	Andre avg. og lisenser	0.00	0.00	0.00	60,000.00
1270	Konsulenttenester	0.00	0.00	0.00	50,000.00
1370	Driftsavtaler med private	500,000.00	500,000.00	500,000.00	50,000.00
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	500,000.00	500,000.00	500,000.00	300,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
	Inntekter	0.00	0.00	0.00	0.00

Konto	Konto(T)	Budsjett	Opp. Budsjett	Just. Budsjett	Budsjett
		2020	2021	2021	2022
1130	DIGITALISERING				
1010	Fast løn	660,000.00	644,000.00	144,000.00	
1090	Premie til KLP	92,000.00	92,000.00	42,000.00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	80,000.00	80,000.00	30,000.00	
1115	Matvarer	40,000.00	0.00	0.00	
1131	Telefon	13,000.00	0.00	0.00	
1150	Kursutgifter	25,000.00	25,000.00	25,000.00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	40,000.00	9,000.00	9,000.00	
1190	Husleige	50,000.00	50,000.00	50,000.00	
1200	Kontorutstyr	300,000.00	300,000.00	300,000.00	
1270	Konsulenttenester	50,000.00	74,000.00	74,000.00	
1370	Driftsavtaler med private	500,000.00	0.00	0.00	
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
1540	Avsetjing til disp.fond	0.00	0.00	200,000.00	
	Driftsutgifter	1,850,000.00	1,274,000.00	874,000.00	0.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
1940	Bruk av disp.fond	-910,000.00	-400,000.00	0.00	
	Inntekter	-910,000.00	-400,000.00	0.00	0.00

1134	MYNDIGHETSUTØVELSE				
1270	Konsulenttenester	300,000.00	50,000.00	50,000.00	50,000.00
	Driftsutgifter	300,000.00	50,000.00	50,000.00	50,000.00

1135	LÆRINGSNETTVERK I BARNEVERNET				
1270	Konsulenttenester	170,000.00	0.00	0.00	
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	170,000.00	0.00	0.00	0.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
	Inntekter	0.00	0.00	0.00	0.00

1136	FELLES KLIMAPLAN I VEST TELEMAR				
1010	Fast løn	0.00	0.00	0.00	
1020	Vikarløn ved sykdom	0.00	0.00	80,000.00	50,000.00
1090	Premie til KLP	0.00	0.00	10,000.00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	0.00	0.00	10,000.00	
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	20,000.00
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	10,000.00
1270	Konsulenttenester	0.00	200,000.00	200,000.00	20,000.00
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	0.00	200,000.00	300,000.00	100,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
1940	Bruk av disp.fond	0.00	-200,000.00	-200,000.00	
	Inntekter	0.00	-200,000.00	-200,000.00	0.00

Konto	Konto(T)	Budsjett	Opp. Budsjett	Just. Budsjett	Budsjett
		2020	2021	2021	2022
1137	SMÅBRUKPROSJEKTET				
1100	Kontormatriell	0.00	0.00	0.00	5,000.00
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	5,000.00
1130	Frankering og gebyr	0.00	0.00	0.00	10,000.00
1140	Annonser, gaver og info.	0.00	0.00	0.00	100,000.00
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	10,000.00
1160	Reise og diettgodtgjersle	0.00	0.00	0.00	5,000.00
1270	Konsulenttenester	0.00	140,000.00	140,000.00	65,000.00
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	0.00	140,000.00	140,000.00	200,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
1770	Ref. frå private	0.00	-25,000.00	-25,000.00	
1940	Bruk av disp.fond	0.00	-115,000.00	-115,000.00	-100,000.00
	Inntekter	0.00	-140,000.00	-140,000.00	-100,000.00

1138	AKTIVITETSTILBUD VELFERDSTEKNOLOGI				
1010	Fast løn	0.00	0.00	0.00	
1053	Anna løn og trekkpl.yting	0.00	0.00	0.00	
1090	Premie til KLP	0.00	0.00	0.00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	0.00	0.00	0.00	
1100	Kontormatriell	0.00	0.00	0.00	
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	
1131	Telefon	0.00	0.00	0.00	
1140	Annonser, gaver og info.	0.00	0.00	0.00	
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	0.00	0.00	0.00	
1195	Avgifter og gebyr mm	0.00	0.00	0.00	
1200	Kontorutstyr	0.00	0.00	0.00	800,000.00
1270	Konsulenttenester	0.00	0.00	0.00	
1370	Driftsavtaler med private	0.00	0.00	0.00	
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	0.00	0.00	0.00	800,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
1950	Bruk av bundne fond	0.00	0.00	0.00	-800,000.00
	Inntekter	0.00	0.00	0.00	-800,000.00

Konto	Konto(T)	Budsjett	Opp. Budsjett	Just. Budsjett	Budsjett
		2020	2021	2021	2022

1139	BEREKRAFTIG REISEMÅL 2022				
1053	Anna løn og trekkplyting	0.00	0.00	0.00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	0.00	0.00	0.00	
1100	Kontormatriell	0.00	0.00	0.00	
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	
1130	Frankering og gebyr	0.00	0.00	0.00	
1140	Annonser, gåver og info.	0.00	0.00	0.00	
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	0.00	0.00	0.00	
1270	Konsulenttenester	0.00	0.00	0.00	
1370	Driftsavtaler med private	0.00	0.00	0.00	1,380,000.00
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	0.00	0.00	0.00	1,380,000.00
1700	Ref. frå staten	0.00	0.00	0.00	-650,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
1770	Ref. frå private	0.00	0.00	0.00	
1940	Bruk av disp.fond	0.00	0.00	0.00	-730,000.00
	Inntekter	0.00	0.00	0.00	-1,380,000.00

1140	FELLES REISELIVSSTRATEGI 2022				
1010	Fast løn	0.00	0.00	0.00	
1053	Anna løn og trekkplyting	0.00	0.00	0.00	
1090	Premie til KLP	0.00	0.00	0.00	
1099	Arbeidsgjevaravgift	0.00	0.00	0.00	
1100	Kontormatriell	0.00	0.00	0.00	5,000.00
1115	Matvarer	0.00	0.00	0.00	25,000.00
1131	Telefon	0.00	0.00	0.00	
1140	Annonser, gåver og info.	0.00	0.00	0.00	
1150	Kursutgifter	0.00	0.00	0.00	
1160	Reise og diettgodtgjersle	0.00	0.00	0.00	25,000.00
1195	Avgifter og gebyr mm	0.00	0.00	0.00	
1200	Kontorutstyr	0.00	0.00	0.00	20,000.00
1270	Konsulenttenester	0.00	0.00	0.00	80,000.00
1370	Driftsavtaler med private	0.00	0.00	0.00	1,100,000.00
1429	Mva-kompensasjon	0.00	0.00	0.00	
	Driftsutgifter	0.00	0.00	0.00	1,255,000.00
1729	Kompensert mva-drift	0.00	0.00	0.00	
1700	Ref. frå staten	0.00	0.00	0.00	-300,000.00
1940	Bruk av disp.fond	0.00	0.00	0.00	-955,000.00
	Inntekter	0.00	0.00	0.00	-1,255,000.00

Sak 52/2021 Framlegg til arbeidsprogram 2022 - 2023

I tråd med pkt. 2.12. i Økonomireglementet for Vest-Telemarkrådet skal arbeidsprogrammet bli vedteke av Vest-Telemarktinget kvart andre år. Arbeidsprogrammet er førande for budsjettarbeidet og øvrig prioritering av aktivitet i regi av Vest-Telemarkrådet, og er eit viktig verktøy for å styre aktiviteten og vurdere måloppnåing frå arbeidet.

Med utgangspunkt i gjeldande arbeidsprogram 2020-2021 har administrasjonen i rådet utarbeidd eit framlegg for 2022-2023 der endringsforslaga ligg inne i grøen skrift. Tekst i raud skrift er foreslått tatt ut.

Med bakgrunn i at kommunelova krev ei omorganisering av rådet og at det vart gjort vesentlege endringar i arbeidsprogrammet for 2020-2021 blir det for komande periode ikkje fremja større endringar. Med ny organisasjonsform, om det blir IPR (interkommunalt politisk råd) eller eit IKS, vil det vera behov for ein ny gjennomgang av prioriterte satsingsområde innan juli 2023.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte arbeidsprogram 2022-2023

Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2022 – 2023

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrensar skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Det er ei overordna målsetting å auke nettverksbygginga og påverknadsarbeidet i høve til regionens interesser.

Mål 1: Vest-Telemarkrådet skal vere ein aktuell og tydeleg aktør i arbeidet med å utvikle Vest-Telemark**Tiltak:**

- Vera ein pådrivar for berekraftig samfunns- og tenesteutvikling for innbyggjarane
- Sette viktige politiske saker på dagsorden og jobbe for gjennomslag for desse
- **Jobbe fram ei ny langsiktig organisering i tråd med ny kommunelov**
Organisere Vest-Telemarkrådet i tråd med gjeldande lovverk
- Sikre god samhandling og kommunikasjon mellom dei ulike forvaltningsnivåa, spesielt inn mot **det nye Vestfold og Telemark fylke fylkeskommunen**
- **Utvikle og koordinere fagnettverk mellom kommunane**
- Bidra til å profilere Vest-Telemark som ein attraktiv region å bu, etablere seg i og besøke
- Gjennomføre ei årleg regional samling for dei kommunale ungdomsråda
- Ha eit tett samarbeid med andre regionråd for å utveksle erfaringar og gode arbeidsmåtar
- **Arrangere Vest-Telemarkkonferansen**

Mål 2: Auke innbyggjartalet og skape fleire arbeidsplassar**Tiltak:**

- Samarbeide om og synleggjera Vest-Telemark som ein felles bu- og arbeidsmarknad
- Vidareføre ein profesjonell etablerarteneste
- Bidra til å styrke Vest-Telemark vidaregåande skule
- Vera pådrivar for fleire desentraliserte vidareutdanningstilbod
- Stimulere til rekruttering av arbeidskraft og auka inntak av lærlingar
- Gjennomføre felles stillingslepp av ledige jobbar **og lærlingplassar** i regionen
- Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
- **Arbeide for eit bygningsvernsenter lokalisert til Vest-Telemark Museum**
- **Initiere eit nytt småbruksprosjekt der ein nyttar erfaringane frå prosjektet som vart avslutta i 2004.**
Slutføre småbruksprosjektet og sikre gode rutinar for oppfølging i samarbeid med kommunane
- Legge til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar
- Auke tilgangen på risikokapital og offentlege verkemiddel til regionen
- Styrke og utvikle nærings- og rådgjevingsapparatet i Vest-Telemark, og vidareføre samspelet mellom regionrådet og dei næringsansvarlege i kommunane
- **Utarbeide ein regional klimaplan**

- Få på plass ein regional reiselivsstrategi for Vest-Telemark, og bidra i arbeidet med å sertifisere vår region som eit berekraftig reisemål
- Initiere, skaffe ekstern finansiering og gjennomføre relevante prosjekt for regionen
- Medverke til å oppretthalde og utvikle kompetansemiljø i regionen
- Sikre at jordskifteretten og tingretten framleis er lokalisert i regionen

Mål 3: Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

Tiltak:

- Synleggjere regionens transport- og infrastrukturbehov gjennom faktaoppbygging og formidling
- Vidareutvikle felles strategiar for vegutbygging og skape alliansar for desse
- Arbeide for auka løyvingar til fylkesvegane i regionen
- **Sikre Medverke til** at viktige prosjekt på E134, rv 36 og rv 41 blir **bygd ut raskast mogleg prioritert i Nasjonal Transportplan 2022-2033**
- Arbeide for høgfartsbane over Haukeli
- Arbeide for full breibands- og mobildekning
- Arbeide for ei base for luftambulanse i regionen

Mål 4: Vest-Telemarkrådet skal medverke til tenesteutvikling og kompetanseheving i regionen

Tiltak:

- Gjennom prosjektfinansiering medverke til styrking av prioriterte satsingsområde i samsvar med nasjonale føringar
- Medverke til meir effektiv og heilskapleg gjennomføring av digitaliseringsprosjekt gjennom digitaliseringsutval, digitaliseringsstrategi og handlingsplanar
- Medverke til heilskaplege, trygge helse- og omsorgstilbod i regionen med brukaren i sentrum
- Sørge for at velferdsteknologi blir ein integrert del av tenestetilbodet i Vest-Telemark
- Medverke til kompetanseheving i kommunane og blant innbyggjarane når det gjeld velferdsteknologi og annan digital teknologi

Sak 53 /2021 Fylkesvegstrategi og nytt handlingsprogram

Vestfold og Telemark Fylkeskommune har starta arbeidet med ny fylkesvegstrategi og nytt handlingsprogram for investeringar i fylkesvegnettet. Nytt handlingsprogram skal vere gjeldande frå 2023.

1. Ny fylkesvegstrategi

Hovudutval for samferdsel i VTFK handsama på sitt møte i oktober dei måla og kriteria som skal vere styrande for fylkesvegstrategien:

Mål/visjon

Vestfold og Telemark fylkeskommune skal ha som mål å ta igjen vedlikeholdsetterslepet på fylkesveinettet. Det skal arbeides for å nå nullvisjonen med ingen hardt skadde eller drepte. I tillegg skal det arbeides for å møte fremtidens klimautfordringer ved å satse på klimatilpassede løsninger, så som rassikring, flom og overvannsproblematikk. Fylkeskommunen skal arbeide for å få til en overgang til grønn mobilitet der potensialet er størst.

Kriterier

Vestfold og Telemark fylkeskommune legger følgende kriterier til grunn for å nå den overordnede visjonen:

- Eksisterende fylkesveinett skal oppgraderes.
- Ulykkeutsatte punkter og strekninger skal utbedres
- Trygge skoleveier skal sikres
- Sykkelveinett skal bygges sammenhengende der det lar seg gjøres

Fylkeskommunal tidsplan:**2021**

November Hovudutvalet sender framlegg til ny fylkesvegstrategi på høyring

2022Juni Vedtak på ny fylkesvegstrategi
Framlegg til nytt handlingsprogram blir sendt på høyring

Framlegg til ny fylkesvegstrategi vil vere førande for nytt handlingsprogram, der dei einskilde prosjekta vil vere prioritert. Det er viktig at Vest-Telemarkrådet kjem med innspel så tidleg som råd for å kunne ha størst mogleg påverknad. Administrasjonen kjem her med framlegg til innspel som hovudutvalet bør ha med seg i handsaminga av framlegg til ny fylkesvegstrategi. (Framlegg til vedtak punkt 1)

2. Regional samordning av innspel til handlingsprogram

Kommunane i Vest-Telemark har gjennom år samordna seg på samferdselsfeltet. Dersom ein skal halde fram med å samordne seg utover det som går på overordna nivå og fylkesvegstrategi, altså inn mot prioriteringar til nytt handlingsprogram for fylkesvegane, er det viktig at prosessen er godt forankra i Vest-Telemarkrådet. Administrasjonen ser at det har

ein stor verdi at regionen greier å samle seg om felles strategi og prioriteringar på ulike område, og særskilt innanfor samferdsle.

Ein foreslår at arbeidet blir lagt opp på følgjande måte:

Prinsipp:

- Vest-Telemarkrådet samordnar prosessen, vedtak skjer i rådsmøta. Det er opp til den enkelte ordførar om innspel/høyringar skal opp til handsaming i den enkelte kommune.
- Kommunedirektøren/rådmannen syter for ein administrativt ansvarleg i sin kommune, som får i oppgåve å samordne innspel frå sin kommune.
- Vest-Telemark bør samle seg om nokre få innspel som passar med våre overordna/strategiske prioriteringar i fylkesvegstrategien, men det må òg vere rom for å sende inn innspel på mindre prosjekt t.d. flaskehalsar/punktutbetringar.

Forslag til tidsplan:

2021

November: Administrativt ansvarleg blir meldt inn til administrasjonen i rådet.
Teams-møte mellom desse og utviklingsleiar.

Desember: Kommunane samordnar sine innspel.

2022

7. januar: Kommunane v/ administrativt ansvarleg sender inn kommunane sine foreløpige innspel til prioriteringar og prosjekt.

Veke 3
Februar: Administrativt samordningsmøte mellom kommunane og rådet.
Rådsmøte: Vedtak av høyringsuttale fylkesvegstrategi og drøfting av utkast til prioriteringar handlingsprogram

Mars: Vest-Telemarkrådet vedtek sine innspel til VTFK i forkant av at handlingsprogrammet blir sendt på høyring.

*Juni: Endeleg vedtak av fylkesvegstrategi i hovudutvalet.
1. gangs handsaming av handlingsprogrammet i hovudutvalet.*

August: Rådsmøtet vedtek høyringsuttale på utkast handlingsprogram.

Desember: *Endeleg vedtak av handlingsprogram i VTFK.*

Framlegg til vedtak:

(Punkt 1 blir sendt hovudutval for samferdsle)

1. Vest-Telemarkrådet har vurdert dei mål og kriterium som hovudutval for samferdsle har vedteke som grunnlag for ny fylkesvegstrategi. Rådet meiner ambisjonen om å ta att vedlikehaldsetterslepet er ambisiøs og riktig, men dette stiller store krav til korleis fylkeskommunen organiserer arbeidet og prioriterer ressursar. Vest-Telemark er ein region med store avstandar, der fylkesvegane er heilt sentrale både for persontrafikk og næringstrafikk. Lang veg til marknaden er ei konkurranseulempe som blir forsterka av dårleg vegstandard. Utbetring av flaskehalsar burde difor vore eit kriterium. Det er i tillegg eit viktig moment at mange av fylkesvegane i vår region opplev stor trafikkauke i helgar og feriar. Dette må vektleggjast i det vidare arbeidet.

Vest-Telemarkrådet vil understreke at det ligg eit grundig arbeid bak gjeldande fylkesvegstrategi. Her er fylkesvegane prioritert etter funksjon, med ei inndeling med «strategisk viktige fylkesvegar.» I Vest-Telemark gjeld dette *Telemarkssvingen*, med fv. 355 Tjønnefoss - Krossli, fv. 38 Vrådal – Åmot og fv. 37 Åmot – Rauland. Det er ein stor mangel at fylkeskommunen ikkje har utarbeidd konkrete planar for heilskapelege utbetringar på fleire av desse strekningane. Vest-Telemarkrådet meiner difor det er viktig at fylkesvegstrategien legg opp til strekningsvise utgreiingar på attståande delstrekningar, med ambisjon om rask utbetring av desse.

Vest-Telemarkrådet vil kome med ei eiga høyringsuttale til fylkesvegstrategien.

2. Vest-Telemarkrådet vedtek prosess for samordning av innspel til handlingsprogram slik det er skissert i saka. AU får fullmakt til å gjere eventuelle justeringar i tidsplanen, dersom fylkeskommunen sin prosess gjer dette naudsynt.

Sak 54 /2021 Framlegg til møtekalender 2022

Administrasjonen legg med dette fram forslag til møtekalender 2022 for Vest-Telemarkrådet.

I forslaget vidarefører vi innretninga frå tidlegare år med tysdag som møtedag, og same tal på møte per år. Det blir foreslått 2 møte i Vest-Telemarktinget.

Vest-Telemarkrådet vedtok i 2021 at lokalisering av råds- og tingmøta skulle halde fram med å bli rullert, derfor vert det i dette framlegget lagt opp til ei slik rullering.

Tysdag	25. januar	Arbeidsutvalet	
Tysdag	8. februar	Rådsmøte	Stad: Tokke
Onsdag	2. februar	Vest-Telemarkkonferansen	Quality Straand Hotel
Tysdag	8. mars	Arbeidsutvalet	
Tysdag	22. mars	Rådsmøte	Stad: Vinje
Påske: onsdag 13. april – måndag 18. april			
Tysdag	19. april	Møte i tinget	Stad: Seljord
Tysdag	10. mai	Arbeidsutvalet	
Tysdag	24. mai	Rådsmøte	Stad: Vinje/Oslo
Tysdag	16. august	Arbeidsutvalet	
Tysdag	30. august	Rådsmøte	Stad: Kviteseid
Tysdag	4. september	Arbeidsutvalet	
Tysdag	18. oktober	Rådsmøte	Stad: Fyresdal
Tysdag	1. november	Arbeidsutvalet	
Tysdag	15. november	Rådsmøte	Stad: Seljord
Tysdag	6. desember	Møte i tinget	Stad: Nissedal

Framlegg til vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2022*

Sak 55/2021 Framlegg til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 7. desember 2021

Sakliste

Sak 7/2021 Opprop

Sak 8/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 9/2021 Framlegg til arbeidsprogram 2022-2023

Sak 10/2021 Framlegg til budsjett 2022 for Vest-Telemarkrådet

Sak 11/2021 Orienteringar

1. Dagleg leiar i Telefiber Aasmund Rinde
2. Dagleg leiar i Telemark ambulanse Knut Inge Skoland
3. Politistasjonssjef og tjenesteenhetsleder i Midt- og Vest-Telemark Sigrid Dahl
4. Vest-Telemark status for samarbeid ved regionordførar

Sak 12/2021 Val

Val av regionordførar og regionvaraordførar for perioden 2022-2023

Fastsetting av godtgjersle for regionordførar og regionvaraordførar

Val av valnemnd

Sak 56/2021 Val av representant i VRU-Agder

Øystein Tveit, rådmann i Kviteseid kommune, vart vald til styremedlem i Vannregionutvalget i rådssak 3/2020 *Vannregion Agder; oppnemning av representantar til vannregionutvalget*. Tarjei Gjelstad vart vald til varamedlem.

Øystein Tveit sluttar i Kviteseid kommune, så Vest-Telemarkrådet må velje nytt styremedlem som tiltrer frå 1. januar 2022.

Vannregionutvalget (VRU)

Vannregionutvalget (VRU) er eit sentralt utval i vassforvaltingsarbeidet. Utvalet er eit samarbeidsutval og er samansett av representantar frå vannregionmyndigheten og øvrige fylkeskommunar, fylkesmannsembeter, samt andre berørte sektormyndigheter og kommunar. I vannregion Agder er det regionråda som representerar kommunane.

VRU har frå 1 - 4 møte i året, avhengig av kor mykje aktivitet det er, og kva for fase ein er i. Representanten frå regionrådet skal forankre og formidle innhaldet i møta til medlemskommunane i regionrådet.

Framlegg til vedtak: Bjørn Nordskog vert vald til styremedlem i Vannregionutvalget

Sak 57/2021 Møte med telemarksbenken

Det er avtalt møte med Terje Aasland om møte med telemarksbenken på Stortinget 16. november 2021 kl 16.00-18.00.

Vest-Telemarkrådet drøfta i møtet av 19. oktober 2021 tema som skulle drøftast med Telemarksbenken. Rådet fatta følgande vedtak:

Opplegg for møte med telemarksbenken:

- 1) **Presentasjonsrunde**
- 2) **Tilbakemelding frå benken vedkomande kraft/konsesjonskraft**
- 3) **Presentasjon av den enkelte kommunes utfordringar/moglegheiter**
- 4) **Slik kan regjeringa oppfylle regjeringsplattforma i Vest-Telemark:**